

# Kloakkrensing i Leikanger

Vi er tre ungdommar frå Leikanger ungdomskule som har tatt for oss kloakkrensinga her i kommunen.

For å finne ut av dette har vi vore på ekskursjon der vi hadde med teknisk sjef i kommunen for å fortelje.

Seinare har vi også hatt eit intervju med han for å få nye opplysningar som vi ikkje fekk på turen. Namnet hans er Per Gjerland.

## Kloakkbygget ved banken vår.

Kloakkrensinga her i bygda skjer i eit stort raudt hus ved banken på Hermansverk, huset kom i 1999.

Det er to deler i det huset og kommunen har berre den minste delen, den største delen er det den bedrifta som heiter Edelsmolt A/S.

I den delen kommunen har, foregår rensinga av kloakken her i Leikanger, der er det ein kum som har plass til 100 liter med kloakk. Når den er begynt å bli full, startar prosessen som silar vekk dei største partiklane av kloakken. Det som er silt vekk blir då lagt i ein kum som pressar ut alt vatnet og det blir til eit fast stoff. Etter det blir det lagt ut i ein container og når den er full blir den køyrd til Festingadalen(avfalls plass) på Kaupanger.

Før dette huset kom hadde husstandane eigne kloakk-kummar som hadde røyr som gjekk rett i fjorden og driten blei liggjande i fjøresteineane.

No blir det som er igjen av kloakken sleppt ut på djupvatn, på ca 30 meter djupne.

Grunnen til at huset kom var at kommunen fekk eit pålegg frå fylkeskommunen om at dei måtte endre kloakkrensinga her i Leikanger.



På bilde ovanfor ser vi sedimenteringsannleget

## Reinsingsprosessen.

Her på Leikanger fekk me ikkje reinseanlegg før i 1995. Før det vart vatnet sloppe ut i fjorden heilt ureinsa. Men no vert vatnet reinsa og det foregår slik.

Kloakkroeyra går frå husstandane og til reinseanlegget. Når avløpsvatnet kjem til reinse- husa kjem det inn til ei pumpe. Denne samlar opp driten ved å presse ut vatnet gjennom ein sil med hol på 1mm. Driten er no eit fast stoff som vert send

vidare til ein container som vert tømd annakvar månad. Vatnet vert så sleppt ut på djupet i Sognefjorden, og det skal då ikkje innehalde partiklar større enn 1mm. Denne reinskingsprosessen går føre seg heile tida automatisk, det trengs berre å bli sett etter av og til. Dersom det oppstår feil i prosessen eller det skulle stoppe på grunn av feil blir det automatisk varsla til vakttelefonen i kommunen.

### **Avfall**

Kloakkreinseanlegga her i Leikanger kom så seint som i 1995. Før det vart kloakken sleppt direkte ut i fjorden. Ellers så hadde folk septiktankar. "Driten" blir send i ein tank på 30 kvadratmeter, og den vert tømt annakvar månad i Festingedalen, der "driten" blir til god jord. Det reine vatnet blir send vidare i rør som går djupt ned i fjorden. Fjorden reagerer ikkje noko negativt av utsleppet. Det skal vere betre no enn det var før dei begynte med å sleppe ut kloakken. Vatnet vert heile tida testa for å sjå korleis han tar utsleppa, men til no ser det ut som fjorden reinsar seg sjølv, med andre ord den klarer seg bra.



**Det minste raude huset ved kaikanten er kloakkrenseanlegget.**

### **Konklusjon**

Vi har lært om korleis kloakkreinsings-systemet her i bygda føregår, vi tenkjer oss også litt meir om før me slepper alt mulig rusk i toalettet. Ekskusjonen vi var på, var både lærerik, spanande og morosam. Intervjuet vi var på var kjekt, og vi fekk vite opplysningar som vi ikkje fekk med oss når vi var på ekskursjon.

Hadde alle land hatt eit så regulert og kontrollert opplegg rundt kloakkrensing som vår kommune, hadde det vore fint. Vårt system bør kunne nyttast andre plassar, t.d i fattige land. Her kunne vi som eit rikt land ha hjelpt til med mykje for at det skulle bli bedre i fattige land.